Sosialistisk Valgforbund i Stavanger 1971 og i Rogaland 1973

RAGNHILD MIDTBØ, AUDGUNN OLTEDAL, GERD REINSVOLLSVEEN OG HELENE VALVATNE

Sosialistisk Valgforbund, forløparen til Sosialistisk Venstreparti, starta lokalt i Stavanger ved kommunevalet i 1971, som eit samarbeid mellom Sosialistisk Folkeparti (SF), Norges Kommunistiske Parti (NKP) og partiuavhengige sosialistar. Då valforbundet vart vidareført på landsplan ved stortingsvalet 1973, kom det med ein fjerde part: Demokratiske sosialister – AIK.[1]

Vi fire som skriv denne artikkelen, var kvar på vår måte med i valkampen for Stavanger SV i 1971 og for Rogaland SV i 1973. To av oss var også med i det politiske arbeidet for SV i bystyret og fylkestinget etter valet i 1971.

Artikkelen har to hovuddelar. Den første handlar om SV i Stavanger, og om reaksjonar og debatt då studentar ved Misjonsskolen i Stavanger sto på kommunevallista. Andre del er om Rogaland SV fram mot stortingsvalet i 1973, då Berge Furre kom inn på Stortinget som valforbundet sin representant for fylket.

Det grunnlaget som vart lagt gjennom SV i Stavanger, var viktig for utviklinga av valforbundet på landsplan i 1973 og SV som parti frå 1975[2]. Vi meiner også at debatten om misjonsstudentane og det at så mange frå kristne miljø deltok i politisk arbeid i SV, bidrog til at det etter kvart vart meir akseptert å vera kristen og sosialist, både i kyrkja og i sosialistiske parti.

Det har vore fint å gå tilbake til det vi var med på i denne perioden. Det vart eit attersyn med ei tid som både kjennest nær og langt borte[3].

Ulike typar kjelder har vore til nytte i arbeidet: boka *Mellom Luther og Marx* (Hansen mfl. 1972), Berge Furre sine talar i 1973[4], kontakt med personar[5], avisoppslag, artiklar, ei hovudfagsoppgåve, dessutan materiale frå gamle scrap-bøker, brosjyrar og anna vi har hatt liggjande frå åra 1971-73.

Sosialistisk Valgforbund i Stavanger 1971

Utover i 1960-åra bygde det seg opp tverrpolitiske rørsler, internasjonalt og nasjonalt, mot mykje av den politikken som dominerte i vestlege land. Handelspolitikken overfor fattige land, Vietnamkrigen, atomvåpentrusselen, norsk medlemskap i Nato og drøftingar av medlemskap i EF[6] førte til at mange som ikkje tidlegare hadde vore politisk aktive, orienterte seg mot venstre. I Stavanger var mange, både unge og eldre, engasjerte i fredsarbeid og motstand mot atomvåpen. Dei nye radikale var elles mest ungdom, ikkje minst studentar, i Stavanger særleg ved sosialskolen og misjonsskolen.

Det fanst altså omkring 1970 miljø i Stavanger som kunne mobiliserast i eit tverrpolitisk arbeid på venstresida. Men slike miljø fanst også i andre norske byar. På mange måtar var tida mogen for eit samarbeid mellom parti på venstresida og venstreorienterte som ikkje høyrde til i noko parti. Men kvifor var det akkurat i Stavanger det starta? Som så ofte, eit tilfeldig samantreff: To lærarar på ein skole i byen, Auglend skole, fekk god kontakt med kvarandre, og snakka mellom anna om politikk. Den eine var Ingeborg Bækholt, medlem av Sosialistisk Folkeparti (SF) og politisk aktiv. Den andre var ein av forfattarane av denne artikkelen, Ragnhild Midtbø. Ho var då relativt nyutdanna lærar, og ikkje medlem av noko politisk parti. Men ho var opptatt av fagforeiningsarbeid, utdanningspolitikk og kvinnepolitikk, og påverka av dei tidlegare nemnde motstandsrørslene.



Ingeborg Bækholt



Ragnhild Midtbø

Uformelle diskusjonar om sosialistisk valsamarbeid

Samtalane mellom Ingeborg og Ragnhild kom etter kvart til å dreia seg mykje om mogleg samarbeid ved kommunevalet mellom folk med sympatiar til venstre for den rådande politikken i Arbeidarpartiet. Mannen til Ingeborg, Arnt Bækholt, som då var leiar av Stavanger SF, vart også med i samtalar. Det hadde vore kontakt om samarbeid mellom SF og NKP tidlegare, utan at det var blitt til noko. Nå såg Ingeborg og Arnt sjansen til å få til eit samarbeid med venstreorienterte utanfor SF og NKP, og dermed mobilisera nye veljarar. Med eit breiare samarbeid kunne ein kanskje både oppnå fleire representantar i bystyret og få fleire til å engasjera seg i politisk arbeid.

Ein del av diskusjonen mellom dei tre gjekk på kven som burde vera med i eit slikt samarbeid. Særleg var dei usikre på om NKP skulle inviterast med. SF-medlemer kunne tenkast å vera imot det, og partiuavhengige ville kanskje la seg skremma? Konklusjonen vart likevel at dei ville ta kontakt med NKP. Eit samarbeid mellom fleire partar kunne mildna det noko spente

forholdet mellom dei to partia til venstre for Arbeidarpartiet. Samtalegruppa på tre vart utvida med fleire, både folk frå SF og NKP, venstreorienterte fagorganiserte og folk som ikkje tidlegare hadde engasjert seg i fagrørsle eller partipolitikk. Også EF-motstandarar i Arbeidarpartiet var innom.

Samarbeid mellom SF og NKP framfor kommunevalet i 1971 var ikkje spesielt for Stavanger. Etter svært dårlege resultat ved stortingsvalet 1969 var mange opptatt av å samla venstrekrefter, og det var sosialistiske felleslister i 62 av kommunane i landet. I 54 av desse var både SF og NKP med . Det hadde også vore kontakt mellom dei to partia i Stavanger, mellom anna eit felles møte i november 1969, der Arnt Bækholt og Eivind Rasmussen analyserte valresultatet. Fellesliste ved valet var nemnt på dette møtet, og drøfta utover vinteren og våren 1970[8]. Men det var først gjennom uformelle samtalar, der også partiuavhengige deltok, at det kom fart i sakene.

Offisiell start

Etter kvart vart det semje om ein samarbeidsmodell mellom SF, NKP og dei partiuavhengige, og Sosialistisk Valgforbund i Stavanger vart stifta 4. februar 1971. Stavanger Aftenblad hadde 6. februar oppslag på førstesida om at SF og NKP i Stavanger hadde tatt initiativ til "et Sosialistisk Valgforbund som skal stille liste ved kommunevalget til høsten". Inne i avisa vart det vist til pressemelding frå dei to partia og pressekonferanse 5. februar med Svein Tinnesand frå SF og Eivind Rasmussen frå NKP, og informert om at det ville bli ei liste med kandidatar frå begge partia, "eventuelt også med partipolitisk uavhengige sosialistiske kandidater". Det gjekk klart fram at valforbundet skulle vera ope for alle sosialistar, ikkje berre for medlemer av SF og NKP, og at ein tok sikte på å utarbeida eit kommunevalprogram som skulle vera forpliktande for dei som stilte på vallista.

Valforbundet var altså noko anna enn eit vanleg listesamarbeid mellom ulike parti. Det var ein organisasjon som ein kunne melda seg inn i utan å vera medlem av SF eller NKP. Dei to partia la ned den delen av arbeidet sitt som var knytt til kommunepolitikk, og medlemer i partia engasjerte seg i forbundet saman med partiuavhengige om å utarbeida program og liste til kommunevalet, driva valkamp og delta i det kommunalpolitiske arbeidet etter valet.

Arbeidet fram til sommaren 1971

Det var vesentleg at alle dei tre partane i valforbundet skulle ha innverknad på arbeidet. Difor vart det i starten valt ei leiargruppe på tre, ein frå kvar av partane, og alle tre var representerte i kvar av komiteane og arbeidsgruppene som måtte dannast for å få gjort det som skulle gjerast. Tre komitéar fekk ansvar for framdrifta i arbeidet med politikk, nominasjon og organisasjon. Politikk-komitéen koordinerte programarbeidet, der om lag 50 medlemer deltok, fordelte på seks grupper[9].

I tillegg til å ha program og valliste klare før sommaren, måtte valforbundet gjera seg kjent og interessant for folk i Stavanger. Det første utspelet etter pressekonferansen kom 9. mars, med ope møte i Folkets Hus, annonsert som informasjonsmøte med orientering om målsetjing, forslag til politisk plattform og organisasjonsopplegg. Dei fleste andre møta utover våren var medlemsmøte, men i annonsane for desse sto det gjerne "Nye medlemmer tegnes", eit signal om at ikkje-medlemer var velkomne.

Endå eit arrangement denne våren skal nemnast: Møte 5. mai med dei sentrale leiarane for SF og NKP, Finn Gustavsen og Reidar T. Larsen, og Audgunn Oltedal som utanbys talskvinne for dei partiuavhengige[10]. I Stavanger Aftenblad sitt oppslag om møtet dagen etter var overskrifta "SF og NKP begeistret for Sosialistisk Valgforbund" og ingressen "Det som har skjedd i Stavanger har gledet meg, sier Finn Gustavsen". Ein måtte inn

i teksten for å finna noko om dei uavhengige, men der var Audgunn Oltedal presentert som representanten for denne gruppa, og innlegget hennar var godt dekka. Mellom anna kom det fram at ho var med i Populistiske Arbeidsgrupper (PAG)[11], og at denne gruppa trekte til seg folk som ville vera med å utarbeida alternativ til den politikken partia på Stortinget førte[12]. Det kom også fram at ho såg det som naturleg at folk med høgst forskjellige utgangspunkt, også kristne, kom fram til ein marxistisk analyse av samfunnet.

1. mai 1971 førte til publisitet for valforbundet på ein annan måte enn planlagt. 1. mai-komiteen svarte nei på søknaden frå SV om å delta i Samorganisasjonen sitt 1. mai-tog. Avslaget førte kanskje til meir merksemd om valforbundet enn deltaking i toget ville ha gjort. Stavanger Aftenblad sørgde for å framheva saka i oppslag 30. april med overskrifta "Tor Aspengren taler 1. mai i Stavanger og Sandnes" og ingressen "FNL-gruppene[13] i Stavanger og Sosialistisk Valgforbund har fått avslag på sine søknader om å få delta i toget". Inne i teksten kunne ein lesa at valforbundet ifølge Rogalands Avis hadde fått avslag "fordi deres deltakelse peker klart henimot kommunevalget", og at 1. mai-komitéen meinte SF og NKP kunne delta "under sine partinavn – sammen med fagorganiserte". Avisa kunne også fortelja om brev frå valforbundet med informasjon om at SF og NKP "etter ønske fra SV" avstod frå å gå i toget, og i staden gjekk inn for at SV skulle delta. Avisa tok også med slutten på brevet: "Vi finner det underlig at Samorganisasjonen, som går til feiring av årets 1. mai under hovedparolen 'Demokrati i hverdagen' – innleder feiringen på en måte så fjernt fra denne paroles innhold".

Det som nok tok mest tid denne våren, var arbeidet med program og liste til kommunevalet, som måtte vera avslutta før sommarferien. Alt var klart til pressekonferanse 17. juni, og dagen etter hadde Stavanger Aftenblad oppslag med kort omtale av programmet og presentasjon av heile vallista.

Programmet

Det programmet SV gjekk til val på, var uttrykt antikapitalistisk, utan å vera klart teoretisk fundert. Med så ulike deltakarar som SF, NKP og folk som ikkje tidlegare hadde vore med i eit sosialistisk parti, mellom dei mange kristne, var det sjølvsagt umogleg å få semje om eit marxistisk teorigrunnlag. Men det var lett å bli einige om dei antikapitalistiske perspektiva i den innleiande delen, med formuleringar om å samla venstrekrefter for å motarbeida den tilpassinga til det kapitalistiske samfunnet som Arbeidarpartiet og dei andre partia på Stortinget stod for[14], og om å kjempa mot medlemskap i EEC. Å gå inn for medlemskap, som både Ap og fleire av dei borgarlege partia gjorde, var eitt av uttrykka for at ein ikkje ønskte endring, men "tilpasning til en utvikling som allerede har vist sine nedslående og menneskefiendtlige sider"[15].

Det var heller ikkje vanskeleg å samlast om ein politikk for å svekka kapitalkreftene sin innverknad på byutviklinga i Stavanger. Viktige punkt her var at kommunane skulle kunna ha kontroll over etableringar (Stavanger pressområde etter oljefunna i Nordsjøen) og påleggja næringslivet avgifter for utnytting av sentrumsgrunn, auka trafikk og forureining. By- og regionplanleggjinga måtte dessutan demokratiserast, slik at innbyggjarane fekk meir innsyn og større innverknad, og politikarane tok meir omsyn til deira behov.

Sentralt i programmet var kravet om å gi innbyggjarane i byen meir makt til å påverka kommunepolitikken. SV i Stavanger ville ha bydelsutval (med forslagsrett i saker av særleg interesse for den aktuelle bydelen), og la vekt på arbeid for å utvikla nye og alternative former for politisk aktivitet som kunne gi folk i byen større innverknad på vedtak i bystyret og andre kommunale organ.

SV-medlemene var opptatt av at så mange som muleg av innbyggjarane i byen skulle få nytte av dei kommunale løyvingane. Fleire forslag i programmet er prega av denne haldninga: utbygging av daginstinstitusjonar (som var ordet for barnehagar), fritidsheimar og leikeplassar i bydelane; stader å vera i bydelar og sentrum for ungdom både i og utanfor organisasjonane; brei tilretteleggjing av idretts- og friluftspolitikk for at flest mogleg skulle kunna delta i trening og ha fri tilgang til strender, turløyper og småbåthamner. Forslag om å byggja minikulturbygg i nye bydelar, med rom for ulike aktivitetar, inkludert kyrkjerom, må også sjåast i denne samanhengen. Dette forslaget vart det mykje debatt om i valkampen, mellom anna fordi mange først og fremst såg det i samanheng med formuleringa som kom like etterpå: "Sosialistisk Valgforbund mener at den sammenbinding av stat og kirke som vi har i dag, må oppløses, og vil gi kirke- og kristenliv muligheter til å utfolde seg ut fra sin egenart"[16].


Ingeborg Bækholt


Kari Hauge Rasmussen


Gerd Reinsvollsveen


Ragnhild Midtbø

Bustadpolitikk og sosialpolitikk var viktige område i programmet. Mange av dei bustadpolitiske forslaga vart utvikla i nært samarbeid med arkitektar og andre fagfolk med kunnskap og interesse for planleggjing av bustader og buområde. Det var lagt vekt på å ta vare på bumiljøa i gamle bydelar, og å få til ei variert bustadbygging, slik at ulike typar bustader vart integrerte i bumiljøa (t.d. bustader for store og små familiar og for ulike grupper, som studentar, eldre og folk med ulike typar funksjonshemming). Lågare bukostnader og styrking av bustøtteordninga høyrde også med til bustadpolitikken, og eitt av dei sosialpolitiske forslaga var at sosial bustadbygging skulle integrerast i vanlege bumiljø. Andre tiltak innanfor sosialpolitikken var styrking av sosialkontoret, heimehjelp og heimesjukepleie, etablering av verna bedriftar, styrking av arbeidstilsynet og bedriftslegeordninga og bygging av sjukeheimar.

SV ville ha ein skolepolitikk med vekt på å minska stressfaktorar for elevane og styrka ikkje-teoretiske fag som kroppsøving, forming, musikk/rytmikk og heimkunnskap.[17]

Valliste med tre kvinner på topp

I nominasjonsprosessen var det lagt vekt på fordeling mellom dei tre partane, samtidig som det var tatt omsyn til styrkeforholdet mellom NKP og SF i det dåverande bystyret[18]. For å sikra representasjon frå både SF, NKP og partilause var dei ti første plassane fordelte mellom partane, dei fire første kandidatane kumulerte to gonger, og dei neste seks ein gong. Resten av namna stod i alfabetisk rekkefølgje. Av dei ti første på lista stod Ingeborg Bækholt frå SF øvst, deretter Kari Hauge Rasmussen frå NKP og på tredjeplass partiuavhengige Gerd Reinsvollsveen. Først på fjerde plass kom det ein mann, Svein Tinnesand frå SF. Tre kvinner på topp var uvanleg den gongen, som det ville ha vore i dag. Dette var året med såkalla kvinnekupp, då veljarane, særleg kvinnene, kumulerte kvinner på sikre plassar i fleire kommunar, mellom andre Asker, Oslo og Trondheim. Valforbundet i Stavanger ordna det altså ved kumuleringar på nominasjonsmøtet. Dette var heilt spesielt, særleg

Det var fire kvinner blant dei seks første på vallista. *Bilda er henta frå Stavanger SV si valavis i 1971*

sidan det totalt sett var langt fleire menn enn kvinner på lista: 45 menn og 18 kvinner.

Misjonsstudentar på vallista

Det som vekte meir interesse enn at tre kvinner stod øvst på lista, var at tre misjonsstudentar var med[19]. Det kom reaksjonar, positive og negative, både i lokalpressa og elles. Det Norske Misjonsselskap (NMS), som dreiv skolen, bidrog gjennom sine reaksjonar til stor publisitet om saka, og dermed til debatt om kristendom og sosialisme. Gunnar Roalkvam omtalar denne debatten som interessant, men beklagar at debatten om SV som nytt og interessant eksperiment i norsk politikk kom heilt i bakgrunnen[20]. Vi er samde med han i det, men vurderer samtidig kristne si deltaking som vesentleg i dette eksperimentet. Det var ikkje noko nytt at kristne engasjerte seg på venstresida i politikken[21], men det var spesielt at ei såpass stor gruppe deltok aktivt i ein politisk organisasjon til venstre for Arbeidarpartiet. Debatten om misjonsstudentane på vallista, og dermed om kristendom og sosialisme, bidrog til auka politisk engasjement på venstresida i kristne miljø.

Etter at valliste og program var offentleggjort, kom det ein del lesarbrev til Stavanger Aftenblad om misjonsstudentane på lista. Det første stod i avisa berre ei vekes tid etter at vallista var gjort kjend, og var skrive av John Nessa frå Sand[22]. Han hadde med glede merka seg at det var misjonsstudentar på Sosialistisk Valgforbund si liste i Stavanger. "Det synest som det tradisjonelle skiljet mellom kristendom og radikal sosialisme er i ferd med å viskast ut", skreiv han, og kom med eksempel frå denne tradisjonen, mellom anna kyrkja si avvising av Thranerørsla. Han minte også om at det "seinast for eit par år sidan"



Misjonsstudentane på vallista. Frå venstre Arne Vigestad, Tore Laugerud og Karstein M. Hansen.
Foto: Byarkivet/Rogalands Avis.

hadde kome skarpe reaksjonar frå "dei leiande i Misjonsselskapet" då "nokre få misjonsstudentar var å finna i 1. mai-toget i Stavanger".

Dei neste to lesarbreva kom ikkje før i august, og var frå sentrale KrF-politikarar i Stavanger: Terje Eriksmoen og Halvor Hjertvik.[23] Førstnemnde svarte på John Nessa sitt innlegg, og meinte denne tok feil når han trudde skiljet mellom sosialisme og kristendom var i ferd med å viskast ut. Slik Eriksmoen såg det, var skiljet prinsipielt, og ville bli verande. Det kristne menneskesynet kunne ikkje kombinerast med "sosialismens ensidige strukturtenkning". Han var dessutan kritisk til punkt i valforbundet sitt kommunevalprogram som han såg som særleg viktige for kristne, som å prioritera kulturbygg i nye bydelar (med plass også for kyrkjerom) framfor eigne kyrkjebygg og å styrka ikkje-teoretiske fag som kroppsøving, forming, musikk/rytmikk og heimkunnskap, men ikkje kristendomsfaget. Halvor Hjertvik kritiserte dei same programpunkta. Både han og Eriksmoen kommenterte også formuleringa i SV-programmet om å gi kyrkje- og kristenliv høve til å utfalda seg ut frå sin eigenart. Etter Hjertviks oppfatning var dette ei formulering som ikkje forplikta til anna enn religionsfridom. Eriksmoen var meir offensiv, og meinte programpunkta om kulturbygg og kristendomstimar måtte konfronterast med "kirkens selvforståelse av sin egenart".

Det er interessant, meiner vi, å sjå synspunkta til dei to KrF-politikarane i lys av svar frå den sentrale leiaren for NKP på dette spørsmålet frå journalist Odd Hatløy: "Er det nye toner innen kommunistpartiet at en vil gi kirke og kristenliv bedre muligheter til å utfolde seg ut fra sin egenart, slik som det skal hete i valgforbundets program?".[24] Reidar T. Larsen svarte slik: "Dette er et problem som vi ikke har beskjeftiget oss med tidligere. Vi kommunister har programfestet at vi går inn for religionsfrihet. Det som står i Stavangerprogrammet er en utvikling av dette synspunkt".

Endå ein kommentar om eigenarten til kyrkje- og kristenliv skal med, fordi han tydeleggjer den utviklinga i synet på religionsfridom som Reidar T. Larsen snakka om. Ingeborg Bækholt skreiv mellom anna dette i svar til Eriksmoen og Hjertvik: "Jeg er ikke teolog, men helt ukjent i skriften er jeg ikke, og jeg har ikke funnet noe der som tyder på at utøvelsen av kristendommens egenart er avhengig av at man er omgitt av



NKP-leiar Reidar T. Larsen og misjonsstudent Karstein M. Hansen i Henry Imslands strek. *Stavanger Aftenblad 7.09.1971.*

fire suverent kirkelige yttervegger."[25] Å vera for religionsfridom var altså ikkje så uforpliktande som Hjertvik meinte. Valforbundet ville gi kommunal støtte til kyrkja, om ikkje heilt på same måten som KrF.

Pressemeldingar frå NMS

Misjonsselskapet likte ikkje at studentane engasjerte seg i eit politisk samarbeid der NKP var med, og fann grunn til å uttala seg offentleg om det. I august kom det pressemelding frå arbeidsutvalet i NMS[26], i oktober frå landsstyret[27]. Begge var klare på at studentane ved å gå inn i ein organisasjon som romma ideologiske oppfatningar i strid med kristen tru, hadde "satt seg selv i en ideologisk konfliktsituasjon". Men konklusjonane var heilt ulike. Arbeidsutvalet (august) trudde studentane hadde "handlet ut fra en idealistisk innstilling", fann "ingen grunn til å tvile på deres kristentro og ønske om engasjement for misjonen" og meinte derfor det var rett at dei heldt fram med utdanninga ved misjonsskolen. Landsstyret meinte derimot at misjonsstudentar i studietida ikkje burde "engasjere seg i aktiv, offentlig partipolitisk virksomhet", konsentrerte seg elles om den ideologiske konfliktsituasjonen og konkluderte slik: "Den foreliggende situasjon innebærer at studentene stilles på valg mellom sin tjeneste i Det Norske Misjonsselskap og det aktuelle politiske engasjement, bortsett fra det de måtte være forpliktet til etter norsk lov"[28].

At den første reaksjonen frå NMS vart såpass mild, kan ha hatt samanheng med at rektor ved Misjonsskolen, Håkon Haus, som var medlem av arbeidsutvalet, var relativt positivt innstilt overfor studentane. Det kan også ha hatt ein viss innverknad at to av lærarane ved skolen, Johannes Borgenvik og Gunnar Stålsett, sympatiserte med dei.

Arbeidsutvalet si avgjerd i august om å la studentane halda fram med utdanninga fekk stort sett positiv mottaking, men det var ulike reaksjonar på andre sider ved innhaldet i pressemeldinga. Somme, som KrF-politikaren Terje Eriksmoen, var samde i at studentane var i ein ideologisk konfliktsituasjon[29], mens andre, som teologen og høgremannen Inge Lønning, såg annleis på det. Han fann ikkje grunnlag for å "kritisere Stavanger-foretagendet på spesifikt kristne premisser", og meinte at misjonsstudentane måtte ha same rett til å praktisera si politiske overtyding som kristne liberale eller konservative[30].

Landsstyret sin konklusjon i oktober om at studentane måtte velja mellom studiet og politikken, fekk i hovudsak negative reaksjonar. Mykje av kritikken kom frå kristent hald, til dømes frå Nils Bloch-Hoell (professor i misjonsvitskap og økumenikk), frå sentralstyret i Kristelig Folkepartis studentorganisasjon[31], og frå vekeavisa Vår Kirke. Sistnemnde utfordra NMS slik:

> "Misjonsselskapet har stilt studentene på valg uten at verken landsstyre eller arbeidsutvalg har greidd å påvise teologisk eller ideologisk det kritikkverdige ved den stilling misjons studentene står i. Her har offentligheten – også misjonsfolket — krav på en redegjørelse. Hva er det teologisk sett ved Sosialistisk Valgfor bunds program som har fått NMS til å ta dette utspill? På hvilke punkter er det uforenlig med et kristent kultursyn og menneskesyn? Det er dette program de er forpliktet på som politisk folkevalgte, det blir ikke anledning til å vurdere deres politiske praksis før det nye bystyret kommer sammen til nyttår.
>
> Det må være riktig at landsstyret i stedet for å avvente dette svar tar saken opp til ny drøfting i lys av de reaksjoner som er kommet på den første uttalelsen. Valget er ikke bare studentenes. Det er i enda større grad Misjonsselskapets."[32].

Misjonsstudentane sitt svar

Svaret frå studentane på landsstyret sitt vedtak kom ikkje før i mars 1972, etter ein lang periode med interne samtalar mellom dei og leiinga i NMS. Tor Jørgensen, ein av dei radikale studentane (seinare generalsekretær i NMS og biskop i Sør-Hålogaland), hugsar at han brukte mykje av hausten i Stavanger for å vera med i desse samtalane, sjølv om han hadde flytta over til Oslo for å fullføra studiet. Studentane vart inviterte til det leiinga kalla "sjelesørgeriske samtaler", men temperaturen vart etter kvart så høg at dei bad om å få med biskop Olav Hagesæther som møteleiar. Han vart då med.

Studentane skreiv i svarbrevet[33] at dei "stilt overfor dette alvorlige valg" ville prioritera misjonskallet og tenesta i NMS og melda seg ut av valforbundet. Samtidig gjorde dei det heilt klart at dei ikkje delte styret si vurdering, men melde seg ut fordi dei var pressa til det. Slik dei såg det, var valforbundet "ikke et partisamarbeid, men et samarbeid basert på *individuell deltakelse* og et *lokalpolitisk samarbeid* med et konkret program, som verken er identisk med SF's eller NKP's program". Medlemskap i valforbundet kunne difor ikkje, meinte dei, tolkast som "en *direkte støtte* til noen av de to partiers politiske teori eller praksis". Dei var altså heilt usamde med NMS i at dei var i ein konfliktsituasjon som gjorde det nødvendig å velja det eine eller det andre, men valde fordi dei måtte. Mot slutten av svaret uttrykte dei håp om "en *avklarende debatt* om de prinsipielle problemer" det politiske engasjementet deira hadde aktualisert, og erklærte at dei sjølve ville bidra til ein slik debatt ved saman med andre kristne å "utgi en fyldigere redegjørelse" for sitt teologiske og politiske syn.

Landsstyret i NMS drøfta svaret frå studentane på møte 17. mars, og Stavanger Aftenblad refererte dagen etter heile svarbrevet deira og landsstyret sitt vedtak: "Da studentene nå har valgt å gå ut av Sosialistisk Valgforbund og dermed fortsetter i N.M.S., anser landsstyret saken for ferdigbehandlet fra dets side".

For å setja misjonsstudentsaka inn i eit internasjonalt perspektiv, vil vi avslutta denne delen av framstillinga med å sitera frå eit intervju Odd Kvaal Pedersen hadde med norsk-amerikanaren Arne Sovik i Stavanger Aftenblad 26.05.72, under overskrifta "Radikale misjonsstudenter vekker interesse i Geneve". Arne Sovik var då leiar for ein studie i regi av Det Lutherske Verdensforbund, med tittelen "Kirken i forhold til ulike kulturer, religioner og ideologier med særlig henblikk på marxismen og Kina-spørsmålet". Vi siterer frå intervjuet:

— Selvsagt er det ikke noe nytt at også kristne studenter har radikal legning og marxistiske sympatier, men misjonsstudentene som i fjor høst sluttet seg til det lokale Sosialistiske Valgforbund, representerer likevel noe helt spesielt i flere henseender, sier dr. Sovik.
(...)
— Jeg kjenner ikke saken grundig nok til å kunne vurdere alle dens innvirkninger, understreker dr. Sovik, men som fenomen betraktet er den interessant av flere grunner:
— for det første: At studenter ved en misjonsskole slutter seg til en sterkt venstre-orientert gruppering, representerer et oppsiktsvekk ende brudd med den vanlige oppfatningen av misjonens ungdom som tro mot det moderate politiske sjikt den vanligvis er rekruttert fra.
— For det annet: At et radikalt politisk engasjement kombineres med en helt konservativ oppfatning av kristen tro og lære, re presenterer et brudd på den tradisjonelle kombinasjon: konservativ teologi — konservativ politikk.
— For det tredje kan det bli interessant å se hvorvidt hendingene i Stavanger kan føre til endret syn overfor radikalt anstrøkne spørs målsstillinger innen legmannsbevegelsen i Norge som jo var anti-autoritær — anti-Establishment — da den begynte sin gjerning i det norske folk.
— Det jeg håper, fortsetter dr. Sovik, er at debatten vil fortsette, uansett hvilke administrative løsninger man kommer fram til i dette aktuelle tilfellet. Og jeg ser med en viss forventning fram til den dokumentasjon som jeg forstår studentene vil legge fram om sitt teologiske og politiske syn.
Dr. Sovik mener at det norske materialet og den norske debatten på dette området kan bli interessant nettopp for den studieprosess han leder.

Valkampen i 1971

Den offisielle starten på valkampen var 1. september. Då var det møte i Stavanger bibliotek med dei tre første kandidatane på vallista, Ingeborg Bækholt, Kari Hauge Rasmussen og Gerd Reinsvollsveen som talarar[34]. Frå då av og fram til valet 20. september var valkontoret i Nedre Strandgate 17 ope kvar dag kl. 11 - 15 og kl. 18 - 20[35].

2. september hadde Stavanger Aftenblad intervju med Ingeborg Bækholt. Ho understreka der at valforbundet ville leggja opp til



Dette var tida for kampen om det gamle posthuset. SV gjekk inn for å ta vare på det.
Foto: Byarkivet

ein heilt lokal valkamp, der dei ti første kandidatene på lista (alle kumulerte), ville vera i elden. Ho framheldt dessutan at det ville bli satsa mykje på dei unge, og grunngav det slik: "Når man skal søke nye veier, er erfaringsmessig de unge mer innstilt på å være med enn de eldre. Selv om det ikke blir stemmer å få fra dem som ikke har nådd stemmerettsalderen, så tenker vi jo på noe lengre sikt enn bare fram til valgdagen i høst". Elles var ho opptatt av å gjera det klart at valforbundet bygde på individuelt medlemskap, og at dei som kom inn i bystyret, ikkje var forplikta overfor noko anna enn kommunevalprogrammet.

Annonsar og oppslag i Stavanger Aftenblad viser at dei kumulerte på lista deltok aktivt i valkampen, og at det vart lagt vekt på å nå fram til unge. Det var informasjonsmøte for skoleelevar på valkontoret[36], og kandidatane deltok i avisdebatt og på valmøte rundt i byen, også i arrangement spesielt for ungdom. Den yngste av dei tre toppkandidatane, Gerd Reinsvollsveen, representerte valforbundet på møte for unge veljarar 14. september, saman med unge frå dei andre som stilte liste[37].

Sentralt i valkampen var ei valavis, som vart delt ut i 25 000 eksemplar[38]. Førstesida hadde fengande avisoverskrifter om SV og ei ramme med 12 saker SV ville kjempa for. Her var saker av mange slag. SV ville mellom anna "at Norge bryter forhandlingene i Brussel om medlemskap i EEC", "en nedbryting av kapitalens maktstilling i samfunnet", "en sterkere politisk aktivitet utenfor bystyret og andre representative organer", "at arbeidstilsynet griper inn når tempoet og ensidighet i arbeidsprosessen skader arbeidernes fysiske og psykiske helse", "at Kannikparken bevares" og "at posthuset blir beholdt som

kultur- og aktivitetshus for unge og eldre inntil et bedre alternativ tilbys". Inne i avisa var det presentasjon av dei ti første kandidatane på vallista, informasjon om valforbundet og artiklar om bymiljø, skattepolitikk, bustadpolitikk og sosialpolitikk, i tillegg til eit innlegg om fagrørsla som viktig støttespelar i kampen mot kapitalmakta. På siste side i avisa var det oppslag om lange arbeidsdagar for skoleelevar, om kvifor kristne engasjerte seg i kamp mot kapitalmakta, og om "Nærdemokrati og EEC".

Også i valkamptida var debatten om kristendom og sosialisme sterkt framme i media, og fleire av kandidatane på valforbundet si liste deltok i avisdebatt. Mange lesarar av Stavanger Aftenblad var, som dei tidlegare siterte KrF-politikarane, opptatt av at valforbundet i programmet sitt tok for lite omsyn til kyrkje og kristenliv, og det var ein viktig del av valkampen å imøtegå slike synspunkt. Fleire innlegg er døme på dette, som Ragnhild Midtbøs svar til Jone Kvame (Sp), der ho hevda at han var for einsidig opptatt av ein bestemt type saker, og heldt fram slik: "Å berre vere interessert i "hjartesaker" som t.d. timetalet i kristendomskunnskap, kyrkjebygg osb. må karakteriserast som ein kristeleg sjølopptatthet som eg trur kyrkja er lite tent med".[39] Eit anna innlegg frå Jone Kvame førte til reaksjonar frå førstekandidaten på vallista, Ingeborg Bækholt. Ho oppfordra til støtte frå dei veljarane som "uansett hva de måtte mene om et liv etter døden, har et demokratisk syn på løsningen av de viktigste samfunnsspørsmål her og nå".[40]

Torgmøte 19. september markerte slutten på valkampen. I Stavanger var det tradisjon at alle parti var med på torgmøte dagen før valet. Som ved starten av valkampen var det dei tre toppkandidatane som stilte som talarar for SV. I reportasjen om møtet dagen etter skreiv Stavanger Aftenblad at Kari Hauge Rasmussen "holdt et engasjert innlegg mot den lunkne holdning til investering i barnevennlige tiltak i vårt samfunn".

Valresultatet

Valresultatet gav Sosialistisk Valgforbund 8,3 % av stemmene og 6 mandat i bystyret. Dette var eit godt resultat om ein samanliknar med kommunevalet i 1967, 1,8 % betre enn SF og NKP til saman då[41]. Samanlikna med stortingsvalet 1969, som var eit svært dårleg val for SF og NKP, både i Stavanger og resten av landet, var resultatet endå betre. Valforbundet fekk 4,3 % fleire røyster i Stavanger enn dei to partia hadde til saman i 1969[42].

Finn Gustavsen, den sentrale SF-leiaren, var likevel litt skuffa: "Jeg hadde faktisk håpet på en enda større suksess for Sosialistisk Valgforbunds liste i Stavanger enn det som ble tilfelle", sa han til Stavanger Aftenblad dagen etter valet. "Det var en slik bredde over listen at jeg mente det var grunnlag for det". Om kvifor det ikkje gjekk fullt så bra som han hadde håpa, sa han dette: "Det er bra med kvinner på en liste, men taktisk var det kan hende ikke klokt å plassere tre kvinner på topp på Stavanger-listen", samtidig som han understreka sterkt at han med dette ikkje på nokon måte meinte å nedvurdera innsatsen til "Ingeborg Bækholt og hennes meningsfeller". "Jeg synes bare at de hadde fortjent et enda bedre resultat", sa han.[43]

Kumuleringane på vallista verka som tenkt: Av dei seks som vart valde inn i bystyret, var to frå SF (Ingeborg Bækholt og Svein Tinnesand), to frå NKP (Kari Hauge Rasmussen og Eivind Rasmussen) og to frå dei uavhengige (Gerd Reinsvollsveen og Ragnhild Midtbø). Meir uventa var det at veljarane hadde kumulert misjonsstudentane så høgt opp at dei kunne bli innkalla som vararepresentantar til bystyremøte. Dette kan tyda på, kommenterer Gunnar Roalkvam, "at ikke så få kristne velgere støttet Valgforbundet".[44] Reaksjonane på at misjonsstudentane stod på lista, og debatten som følgde, kan ha fått mange kristne til å stemma på valforbundet. Men Kristelig Folkeparti hadde endå større framgang i forhold til 1967 enn

valforbundet hadde samanlikna med SF og NKP det året, og nestformannen i partiet, Kåre Kristiansen, såg dette i samanheng med debatten om misjonsstudentane. Då Stavanger Aftenblad dagen etter valet bad han kommentera framgangen i Stavanger, svarte han slik: "Den skyldes nok i vesentlig grad debatten omkring Sosialistisk Valgforbunds liste og det standpunkt vi inntok i den sammenheng. Det er blitt forstått og respektert av velgerne. Dette er en debatt som har vært nyttig for oss".[45]

Boka *Mellom Luther og Marx*

Som nemnt tidlegare melde misjonsstudentane i svaret sitt til NMS at dei ville bidra til ein prinsipiell debatt om kristendom og sosialisme gjennom ei fyldigare utgreiing, som dei ville utarbeida saman med andre kristne. Denne kom tidleg i september 1972, i boka *Mellom Luther og Marx*, med undertittel *Ei utgreiing frå kristne i Sosialistisk Valgforbund i Stavanger* (Hansen mfl 1972). Vi som skriv denne artikkelen, var alle med i arbeidet med denne boka, tre av oss som forfattarar, Audgunn Oltedal som rådgjevar.[46] Det var ein arbeidskrevjande prosess å få til ei framstilling som måtte romma både vårt kristne grunnsyn, drøfting av det mange oppfatta som kristeleg politikk, klargjering av vår politiske ståstad og vurdering av det konkrete lokalpolitiske samarbeidet i valforbundet.

I første del av boka, "Teologisk klargjering", definerte vi oss innanfor den norske kyrkja og NMS si forståing av kva som er det sentrale i kristen tru, og vi støtta oss på bibelsk etikk når det gjaldt synet på kva som var viktig å arbeida for i politikken. I profetane sin sosialetiske kritikk og Jesus sin solidaritet med dei svake fann vi grunngjevinga for at kristne må arbeida for å "endre sosial urettferd til det beste for dei svake" (s. 23). Bibelsk støtte for samvits- og religionsfridom (inkludert fridom til forkynning) fann vi i Peter sitt svar då Det høge rådet klaga han for å ha brote forbodet mot å tala om Jesus: "Ein skal lyde Gud meir enn menneske"[47]. I spørsmålet om forholdet mellom tru og politisk arbeid baserte vi oss også på Luthers lære om dei to regimenta, eller rika, det åndelege og det verdslege. Trua høyrer til i det åndelege riket, som Jesus omtalte som ikkje av denne verda, mens politikken høyrer til i det verdslege. Her skal kristne bruka fornuften til å finna ut korleis dei best kan arbeida for eit samfunn basert på rettferd og samvitsfridom for alle.

Andre del av boka fekk tittelen "Oppgjer med den tradisjonelle åndskampforståinga", ei forståing som lar "kampen for utbreiing av evangeliet bli identisk med, eller i alle fall ein absolutt føresetnad for kampen mot den vondes verksemd" (s. 34). Ut frå denne forståinga (som framleis står sterkt i ein del kristne miljø) blir det vesentleg å kjempa for å halda på kristendommen si stilling i samfunnet. Eit slikt syn fører til det vi kalla "merkesaksideologien", som går ut på at ein del saker (t.d. kristen formålsparagraf i skolen) blir sett på som særleg viktige for kristne, for å bremsa sekularisering og pluralisme. Konklusjonen vår etter drøfting av denne tenkemåten var at det ikkje er teologisk grunnlag for å kjempa for merkesaker som statskyrkjelege privilegium og kristen skole, verken ved å vise til ”umenneskeleggjering og moraloppløysing” eller til at ein svekker "evangeliets gjennomslagskraft" og "kyrkjelydens sjansar til å utbreie evangeliet" . Tvert imot, hevda vi, vil det å gi opp denne forståinga av åndskampen gjera at ein kan utføra "både det evangeliserande og det etiske oppdraget på ein meir ekte og tilfredsstillande måte" (s. 54-55).

Tredje del, "Klargjering av politisk ståstad", er den mest omfattande delen av boka, og var nok den som kravde størst innsats. Den inneheld kapitalismekritikk, analyse og kritikk av marxismen samt skisse av forfattarane sitt politiske syn. Kapitalismen framstilte vi som eit økonomisk system som fører til kriser både globalt (gjennom utbytting av den tredje verda, øydeleggjing av naturgrunnlaget, våpenproduksjon og krig mot

opprørarar i fattige land), og i Noreg (ved monopolisering og internasjonalisering av kapitalen, skattepolitikk som aukar forskjellane i samfunnet, strukturrasjonalisering i jordbruket, urbanisering, pendling og effektivitetspress i arbeidslivet). Med ei slik framstilling av kapitalismen definerte vi oss "innafor ein marxistisk prega tradisjon" (s. 74). Samtidig fann vi det nødvendig å avgrensa oss overfor Marx, "ikkje minst overfor den seinare utviklinga av tankane hans i marxismen-leninismen" (s. 75), men også "frå den marxistiske røyndomsforståinga hos Marx sjølv – trass i at han er fleirtydig" (s. 102). Det vi såg som vesentleg hos Marx, var hans "analysemetode og tilnærmingsmåte når det gjeld den politiske røyndommen." (s. 103). I skissa av vårt politiske syn, som avsluttar denne delen av boka, støtta vi oss på marxistisk samfunnsanalyse, men også andre perspektiv kom inn. Økologiske perspektiv viste "problem som ikkje stod i sentrum for Marx, og som den ortodokse marxismen har teke lite omsyn til" (s. 106). Demokratisk makt over økonomien, desentralisering og folkeleg motmakt og motekspertise var også viktige element i det politiske grunnsynet vårt, som vi meinte gjekk "i populistisk-sosialistisk retning" (s. 103).



Mellom Luther og Marx. *Design: Bodvar Schjelderup*

Siste del av boka, "Klargjering av det praktiske samarbeidet i Sosialistisk Valgforbund i Stavanger" er ei utgreiing om og vurdering av det konkrete samarbeidet i Stavanger, som supplement til den generelle framstillinga om forholdet mellom kristen tru og sosialistisk politikk. Her presenterte vi først valforbundet gjennom ein kort historikk, vurderte så programmet (som er vedlegg i boka) og drøfta til slutt om vi ved medlemskap i forbundet var med på å støtta antikristelege politiske oppfatningar. Konklusjonen på vurderinga av programmet var at det heldt mål ut frå dei etiske kriteria sosial rettferd og samvitsfridom. At programmet ikkje sa noko om kristen basis, gjorde ikkje valforbundet suspekt for kristne, meinte vi, og la til: "Det teologiske spørsmålet ein må stille kvart parti, er om det i sin politikk kjempar for eller mot dei kriteria vi har utleidd av Skrifta. Og etter vår meining kjem ikkje Sosialistisk Valgforbund til skamme i dette spørsmålet, snarare tvert i mot." (s. 118). Som siste punkt i vurderinga av det konkrete samarbeidet avviste vi påstandar om at vi ved å samarbeida med NKP støtta antikristelege krefter, og hevda at NMS, det største misjonsselskapet i Noreg, hadde handla uansvarleg ved å stilla studentane på val "utan å gjere meir utfyllande greie for sin argumentasjon" (s. 121). Denne handlinga hadde alvorlege konsekvensar, meinte vi: "Dommen frå landsstyret heng – utan meir presis avklaring frå den sida – framleis over studentane for det dei trass i alt gjorde og ennå ser på som rett, over dei kristne veljarane som støtta oss, og ikkje minst over dei av oss som blir verande i SV" (s. 120). Til slutt uttrykte vi håp om at boka ville kunna "ta bort det saklege grunnlaget" for NMS sine påstandar, og få folk til å "forstå at det ikkje er kristeleg og teologisk uakseptabelt å støtte og delta i SV – om ein måtte vere aldri så usamd i vurderinga av dei reint politiske spørsmåla." (s. 121). Politisk usemje såg vi som stimulerande, og "av ein heilt annan karakter enn den aksjonen NMS sette i gang mot studentane" (s. 121).

I omtale av *Mellom Luther og Marx* i Stavanger Aftenblad 16.09.72 skreiv Odd Kvaal Pedersen at boka svarte på spørsmåla om kristne kan vera sosialistar og om dei kan samarbeida med marxistar, men "i like høg grad" stilte motspørsmålet "Er kapitalismen særlig kristelig?" Han meinte det var grunn til å tru at boka ville "stimulere nyttig debatt i og utenfor kirken", og at ho kanskje kunne bli "et vesentlig dokument i en nødvendig dialog mellom kristne og marxister — en dialog som er kommet et godt stykke på vei i utlandet, men som har vært heller sparsom her til lands".

Forum for kristne sosialistar

Det er vanskeleg å vurdera kva *Mellom Luther og Marx* hadde å seia for debatt og dialog i og utanfor kristne og politiske miljø. Vi kan ikkje her gå inn på dette spørsmålet, men vil nemna at engasjementet for sosialisme i kristne miljø vaks utover i 1970-åra. Dette kom mellom anna til uttrykk gjennom Forum for kristne sosialistar, som nok også var medverkande årsak til at stadig fleire engasjerte seg. Organisasjonen starta formelt i 1973, gav ut ei avis, Salt, og hadde sommarstemne annakvart år frå 1974 til 1986[48]. Høgdepunktet var stemnet på Stord i 1978 med nær 1000 deltakarar. Der var mellom andre Rudi Dutschke (tysk marxist og kjend frå studentopprøret på 60-talet), Greta Hofsten (tidlegare redaktør i tidsskriftet *Folket i Bild/Kulturfront*), biskop Colin Winter (utvist frå Namibia i 1972 på grunn av motstand mot Apartheid-politikken) – og to stemnepoetar: Johanna Schwarz og Marie Lovise Widnes. Eit hovudpunkt på programmet var paneldebatt om kristendom og sosialisme, der mellom andre partileiarane Reiulf Steen (Ap), Kjell Magne Bondevik (KrF) og Berge Furre (SV) var med, dessutan biskop Andreas Aarflot og Bergfrid Fjose (tidlegare statsråd og stortingsrepresentant for KrF).

Forum for kristne sosialistar var for alle sosialistar som rekna seg som kristne, uansett kva trussamfunn dei høyrde til, også om dei ikkje var medlem av noko trussamfunn[49]. Mange kom frå miljø med relativt konservativ kristendomsforståing, som bedehus-miljø, Norges kristelige student- og skoleungdomslag ("Laget") og ulike trussamfunn utanfor Den norske kyrkja. Andre hadde bakgrunn i Norges kristelige studentforbund ("Forbundet"), ein teologisk sett relativt liberal organisasjon. Dette miljøet var altså radikalt både teologisk og politisk, meir som kristne sosialistar i andre land (jf. det tidlegare nemnde intervjuet med Arne Sovik).

Politisk høyrde svært mange av Forum-folka til i SV, men slik vi hugsar det, var ikkje så mange aktive i politisk arbeid i valforbundet og seinare partiet SV. Dei som var det, kom ofte, trur vi, frå miljø som var konservative teologisk, og hadde ein sosial bakgrunn som gjorde det meiningsfylt å engasjera seg aktivt i eit politisk parti for å skapa større rettferd i samfunnet.

Det var lite aktivitet i Forum for kristne sosialister etter 1986, og organisasjonen vart nedlagd i 1990[50]. Forum hadde vore ein viktig møteplass i ein periode då mange kristne sosialistar kunne kjenna seg litt heimlause både i kyrkja og i politiske miljø. Etter kvart vart det meir vanleg – og meir akseptert både i kyrkja og sosialistiske parti – å vera kristen og sosialist. Då var det ikkje lenger så stort behov for denne møteplassen.

Sosialistisk Valgforbund i kommunepolitikken i Stavanger

3. desember 1971 var det konstituerande møte i det nye bystyret i Stavanger[51]. Det hadde borgarleg fleirtal, og valde Arne Rettedal (H) som ordførar og Gunnar Leiro (V) som vara-ordførar. Dagen etter refererte Stavanger Aftenblad både ordførarvalet og andre val. Av dette går det fram kven som vart vald inn frå alle partia i formannskap, skolestyre og fylkesting[52]. Representantar for Sosialistisk Valgforbund i desse organa vart Ingeborg Bækholt i formannskapet (vara Kari Hauge Rasmussen), Ragnhild Midtbø i skolestyret (vara Gerd



Gerd Reinsvollsveen. *Foto: privat*



Kari Hauge Rasmussen på talarstolen i Stavanger bystyre 20. nov 1972.
Faksimile fra Rogalands avis 21.11

Abrahamsen), Gerd Reinsvollsveen i fylkestinget (vara Eivind Rasmussen).[53]

Det kommunalpolitiske arbeidet var krevjande for dei som sat i bystyret og andre sentrale organ, og kanskje også for dei som var i andre utval og råd. Mange hadde lite eller ikkje erfaring med politisk arbeid , og dei erfarne var uvane med å representera ein organisasjon der fleire partar samarbeidde. Studiearbeid kunne både gi opplæring og høve til kontakt og drøftingar mellom folk som tenkte ulikt om mykje. Ein studiesirkel om generalplanarbeid fungerte som ein særleg vellukka kombinasjon av opplærings- og drøftingsforum. Her fekk både erfarne og uerfarne frå alle dei tre samarbeidspartane opplæring av engasjerte og radikale ekspertar på by- og regionplanleggjing, samtidig som dei kunne drøfta saker som var viktige for den politikken som skulle utformast for Stavanger og Nord-Jæren-området. I 1972 arrangerte valforbundet også studiesirklar om sosial kvalitet i bumiljøa, om sakshandsaming og om sosialisme og kristendom[55].

Det var ikkje lett å vinna fram med SV-politikk i Stavanger bystyre. Ikkje sjeldan vart vedtak fatta mot seks røyster. Valforbundet var til dømes aleine om ein del forslag under skole- og sosialpostar ved handsaminga av budsjettet for 1973[56]. Det hende også at det berre var fem røyster, som då SV foreslo å utsetja bru til by-øyane til etter målsetjingsdebatt om general-

planen i bystyret. Svein Tinnesand var medlem av klubbstyret på Rosenberg, og kjende seg forplikta av dei vedtaka han hadde vore med på[57]. Det enda også med at bystyregruppa stemte ulikt då saka om kommunal støtte til arbeidskyrkje på Stokka vart handsama i bystyredebatten om budsjettet for 1973. I utgangspunktet støtta heile gruppa eit forslag frå Ap om å byggja aktivitetshus der det også kunne vera kyrkjerom. Dette vart nedstemt, og då valet stod mellom å gi støtte eller ikkje, enda det med berre åtte røyster mot støtte, frå Ap og SV. Det var vanskeleg å stå fast på det SV hadde programfesta i ein slik situasjon. Bydelen mangla kyrkje, og folk i kyrkjelyden hadde arbeidd med planar og pengeinnsamling i ti år[58]. Folkeleg engasjement var også viktig for SV, og dei i bystyregruppa som kjende seg knytt til kyrkja, fann det vanskeleg å røysta mot. Saker som var viktige for SV, vart ikkje alltid nedstemde. Ei sak fekk til og med positiv respons frå heile bystyret under debatten om budsjettet for 1973: Løyvingar til daginstitusjonar for barn. I referatet frå denne delen av budsjettdebatten skreiv Stavanger Aftenblad at politikarar frå alle parti "talte barnas sak", og heldt fram slik: "Det gikk så langt at Kari Hauge Rasmussen (sv) syntes det ble rene julestemningen i salen. Viljen ble klarest vist da bystyret enstemmig vedtok å henge på et 'straks' på vedtaket om institusjonene på Vardeneset og i Madlamarka".[59]

Når det gjekk så lett å få pengar til daginstitusjonar, var det fordi det på førehand hadde vore ein brei folkeleg aksjon, initiert av SV[60]. Aksjonsgruppa hadde utarbeidd eit grundig og omfattande opprop, og fått 20 personar med ulik politisk ståstad til å skriva under på det. Stavanger Aftenblad presenterte eit par dagar før bystyremøtet utdrag frå oppropet, med namna på alle underskrivarane.[61] Dagen etter møtet kunne avisa fortelja at bystyret "tok imot en stor deputasjon som kom fra den pågående aksjonen for flere daginstitusjoner", og at varaordførar Gunnar Leiro (v) presenterte synspunkta deira på møtet.[62]



Imsland-teikning frå Stavanger Aftenblad 9.02.1973: Bedre smak? "– Kunne vi nå få litt krydder fra misjonsskolen, blir denne lapskausen kanskje spiselig?" Teikninga viser frå venstre Berge Furre, Kari Hauge Rasmussen, Kurt Nordbø og Audgunn Oltedal.

Sosialistisk Valgforbund i Rogaland 1973

Tre partar var med og skipa Sosialistisk Valgforbund i Stavanger i 1971 (SF, NKP, uavhengige sosialistar). Fire partar var med og skipa Sosialistisk Valgforbund på landsplan i 1973 (SF, NKP, AIK, uavhengige sosialistar). Etter EF-kampen valde AIK (Arbeidernes informasjonskomité mot norsk medlemskap i EF) å gå ut av Arbeidarpartiet og danna organisasjonen Demokratiske sosialister – AIK (heretter omtalt som AIK). At AIK var med og starta SV, var avgjerande for at det vart eit breitt venstrealternativ ved stortingsvalet hausten 1973. SV-samarbeidet i Rogaland var tidleg klart. Alt 13. mars, ein månad før SV vart presentert på landsplan 12. april, kom oppslag i Aftenbladet om at SF, NKP, AIK og uavhengige sosialistar var blitt samde om å stilla fellesliste i Rogaland ved haustens stortingsval.[63]

SV-lista i Rogaland

Arbeidet med Sosialistisk Valgforbund på landsplan med dei fire partane (SF/NKP/AIK/uavhengige sosialistar) tok til etter folkerøystinga mot EF 25. september 1972, med hektisk verksemd etter jul for å få fram forslag til lister i alle fylke. Først 12. april 1973 vart Sosialistisk Valgforbund formelt starta, og presenterte seg og sitt program på ein pressekonferanse i Oslo. Eit utval med to representantar –med varapersonar – frå kvar av dei fire partane hadde deltatt i førebuingsarbeidet. No skulle eit hovudstyre med 12 medlemer, tre frå kvar gruppering, og eit



Valkampsekretær Audgunn Oltedal. *Bilde: Byarkivet/Rogalands Avis*

arbeidsutval med leiarane for dei fire partane – Berit Ås (AIK), Finn Gustavsen (SF), Reidar T. Larsen (NKP) og Ove Larsen (uavhengige sosialistar) – leia arbeidet i SV på landsplan.

Sentralt i prosessen var å foreslå og fordela kandidatar i fylka, og syta for at kvar av dei fire partane fekk nokon av sine folk på topp eller på gode plassar. Arbeidet med denne kabalen var bakgrunnen for at Berge Furre vart foreslått som toppkandidat på SV si liste i Rogaland. Samstundes var prosessen slik at endeleg avgjerd om kva kandidatar fylket ville ha, låg i det lokale fylkeslaget av SV.

7. februar skreiv Stavanger Aftenblad om sonderingar som var i gang for å få til ei venstresosialistisk fellesliste i Rogaland[64]. Avisa hadde namn og presentasjon av fire kandidatar som var særleg aktuelle: Berge Furre, Kurt Nordbø, Audgunn Oltedal og Kari Hauge Rasmussen. 3. mars kunne Stavanger Aftenblad fortelja at alle lokallaga i Rogaland SF hadde innstilt Berge Furre som førstemann på SF si liste til stortingsvalet, og at han var villig til å stilla. Han sa til avisa at det ikkje var noko fylke han heller kunne tenka seg å stilla og driva valkamp i, enn Rogaland dersom nominasjonsmøtet ville ha han[65].
12. mars heldt representantar for SF, NKP, AIK og uavhengige sosialistar i Rogaland pressekonferanse for å kunngjera at dei var blitt samde om å stilla fellesliste i Rogaland. Nominasjonen av kandidatar til lista ville finna stad i byrjinga av mai, men det var alt klart at Berge Furre ville bli SF sin kandidat til førsteplassen og Kari Hauge Rasmussen NKP sin. Dei uavhengige og AIK hadde ikkje blinka kandidatane sine enno, skreiv Stavanger Aftenblad[66].

Kurt Nordbø (AIK) sa på pressekonferansen at det var det same for han kven som kom på førsteplass på lista. Han meinte at i eit slikt samarbeid, der kandidatane var sette opp etter ein open nominasjon, måtte ein bøya seg for det resultatet som fleirtalet kom fram til.

6. mai 1973 var utsendingar frå ti lokale SV-lag i Rogaland samla til nominasjonsmøte på kafé Lanternen i Stavanger. Av Stavanger Aftenblad sitt referat frå møtet [67] går det fram at forslaget til dei første plassane var slik: Berge Furre (SF) på topp, så Kurt Nordbø (AIK), deretter Audgunn Oltedal (uavhengige sosialistar) og på fjerdeplass Kari Hauge Rasmussen (NKP).

Aftenblad — Tirsdag 13. mars 1973

Venstre-sosialistisk valgsamarbeid i høst


SF, NKP og AIK med fellesliste i Rogaland



En del av representantene for det nye valgsamarbeidet samlet på pressekonferansen i går, fra venstre Reidar Hunsdal, uavh., Thor Braadland, NKP, Gerd Abrahamsen, uavh., Gerd Reinsvollsveen, uavh., Eivind Rasmussen, NKP, Kari Hauge Rasmussen, NKP, Ingeborg Bækholt, SF, Kate Thorunn Hidle, SF, Svein Tinnesand, SF, og Odd Wetteland, AIK.

Frå oppslag i Stavanger Aftenblad 13.03.1973 om pressekonferansen dagen før, der dei fire partane kunngjorde valsamarbeid i Rogaland.

Furre var amanuensis i historie ved Universitetet i Tromsø[68], Nordbø var dreiar og klubbformann ved Rosenberg Verft, Oltedal var student, kristen sosialist og med i PAG (Populistiske Arbeidsgrupper) i Bergen[69], og Rasmussen var lærar ved Våland skole og medlem av kommunestyret i Stavanger frå 1956. Gjennomsnittsalderen var ganske låg. Furre var 35 år, Nordbø 41 år, Oltedal 28 år og Rasmussen 42 år. Dei fire samarbeidspartane fekk fire kandidatar kvar på lista. Aftenbladet kommenterte kjønnsfordelinga slik: "Uavhengige sosialister har valgt å la seg representere av bare kvinner, mens kommunistene har to kvinner og to menn og AIK bare menn". Avisa kunne også fortelja at delegatane stort sett var samde, men at det var ein viss kamp om førsteplassen. Kurt Nordbø vart lansert – støtta av NKP – som alternativ til Berge Furre på førsteplass. Ved ei prøvevotering fekk Nordbø sju røyster, mens 41 stemte på Furre. Ved endeleg votering heldt berre to på Nordbø, mens 46 gjekk inn for Furre.


Berge Furre. *Bilde: privat*

Berge Furre attende til Rogaland

Det var stortingsvalet i 1973 som for alvor førte Berge Furre inn i topplaget i norsk politikk og samfunnsdebatt. Då han vart nominert på førsteplass på SV si liste i Rogaland i 1973, kom han attende til det fylket der han var fødd, til dei røtene som hadde forma han sterkt og fekk mykje å seia for hans syn på kultur og politikk.

Berge Furre vart fødd 13. april 1937, og Sjernarøy var heimstaden hans til han var ti år. Far hans trong legetilsyn, difor flytta dei til Saudasjøen og deretter til Stavanger. Vinteren 1948/49 busette familien seg i Oslo. 15 år gamal byrja Berge Furre på Oslo Katedralskole. Her var han med og stifta gymnasiastmållaget Von, han engasjerte seg i Kristent Fredslag og i Folkereising mot krig, og 16 år gamal melde han seg inn i Arbeidarpartiet. I studietida var han aktiv i Sosialistisk Studentlag, eit lokallag av AUF, men kom på kollisjonskurs med moderpartiet, mellom anna i synet på atomvåpen. I 1961 var Berge Furre med og stifta Sosialistisk Folkeparti, og vart den første partisekretæren, frå 1961 til 1964.

Berge Furre byrja på teologistudiet, men gjekk over til historie. Då han sa ja til å stå på SV si liste i Rogaland, underviste han i historie ved Universitetet i Tromsø og var nestleiar i SF.

Kristentrua var sentral i Berge Furre sitt liv. Det kom tydeleg fram i omtalen i aviser og etermedia då han døydde 11. januar 2016, men då han vart lansert som kandidat på SV si liste i 1973, var dette ikkje eit tema.

Mens andre i SV vart sterkt profilerte som kristne sosialistar, til dømes Otto Hauglin (AIK), som stod først på Østfold SV si liste, var ikkje Berge Furre sitt kandidatur knytt til livssyn. Berge Furre hadde spelt ei sentral rolle i oppbygginga av SF. Han sloss for det prosjektet han ønskte SV skulle bli ut frå sin ståstad i SF, og var opptatt av å "meisle ut ein politikk som er realistisk og jordnær og som arbeidsfolk kan ha nytte av, samtidig som den peikar ut over dette samfunnet". [70]

Aksept av nasjonalkjensla

Berge Furre var etterspurd foredragshaldar, ikkje berre i SVs valkamp i Rogaland, men i valkampen elles i landet, og også som talar i andre samanhengar. I talar våren 1973 kjem han mellom anna inn på spørsmålet om det nasjonale. I ein tale han

heldt 17. mai[71] drøftar han orda nasjonal og nasjonalisme, og skil mellom ulike måtar å bruka slike ord på. Han seier at orda nasjonal og nasjonalisme kling med i mykje av europeisk historie, og at dei har fått ein temmeleg beisk klang. Han viser til to verdskrigar, der tyske soldatar marsjerte i nasjonalismens namn, og også til britisk og fransk nasjonalisme. Men spør så: nasjonalkjensla, kva er det? Han seier at med nasjonalkjensle forstår han medvit om at menneske i eit geografisk område har noko saman. Kjærleik til heim og ætt. Heimkjensle. Han legg vekt på at det ikkje er den kjensla som har skapt to verdskrigar. Han framhevar at nasjonalkjensla alltid er blitt brukt både positivt og negativt, avhengig av formålet. Berge Furre seier at nasjonalkjensla hos oss har vore ei kraft til frigjering for vanlege folk, og viser til bondereisinga, arbeidarreisinga, kampen for lokalt sjølvstyre og desentralisering, at kjernen i denne nasjonalkjensla har vore retten til å rå i eigne saker. Han er innom ordet populisme (som vart brukt av den tverrpolitiske gruppa PAG Populistiske Arbeidsgrupper), og held fram at populisme byggjer på den tanken at det ikkje er sikkert at teknokraten/byråkraten i storselskap eller regjeringskrinsar alltid har rett; dei som tenkjer på vekst, store endringar, effektivitet. Det er viktigare å skape levedyktige lokalsamfunn der menneske er seg sjølve og ikkje blir styrde. Han viser til miljøøydeleggjande produksjonsmåtar og til jordøydeleggjing, og seier populisme er eit drag i vår samtid som går på tvers av partigrenser og fargar ordskiftet i mange krinsar. Han meiner populisme i røynda er ei vidareføring av ei gamal line i vår historie, den nasjonale, demokratiske lina frå 1814, og seier 25. september 1972 viste livskrafta i denne lina. Sjølvråderetten i lokalsamfunnet, det er særmerket ved det nasjonale demokratiet. Han avsluttar med å seia at ein bør gjera 17. mai til ein kampdag for dette.

EF-kampen la grunnlaget for SV

Eitt punkt vart sterkt og ofte understreka i talar og appellar som Berge Furre heldt i valkampen i 1973: Det var alliansane frå EF-kampen som la grunnlaget for SV. Berge Furre sa at denne alliansen ikkje var eit nytt fenomen i norsk historie, og at kvar gong den hadde stått fram, hadde den sigra. Berge Furre omtalte dei som var med i denne alliansen, med ulike stikkord: "industriarbeidaren, småbrukaren, fiskaren, husmødrer, intellektuelle, ungdom under utdanning", andre gonger kort og godt berre "bonden. fiskaren. arbeidaren", då gjerne med tilføyinga "grasrota i lekmannsrørsla". Berge Furre meinte støtta frå lekmannsrørsla var undervurdert i dei analysane som vart gjort av kven som stemte nei til EF, og slo i talane sine tørt fast: "Det fanst ikkje sterkare grunnlag for folkerørsler sørpå enn kombinasjonen av drivhus og bedehus". Han viste til dei trekka som skremde ved EF-systemet: kapitalkonsentrasjon på få hender, sentralisering av bustad- og arbeidsplassar, fråflytting frå bygdene, miljøøyding og byråkrati, og sa at om den same utviklinga fekk gå sin gang i vårt land, var kampen mot EF forgjeves. Berge Furre plasserte SV inn i denne gamle, breie historiske alliansen i norsk politikk, men la samstundes vekt på at SV ikkje var denne breie alliansen. SV var den delen av EF-kampen som meinte at det trongst ei djuptgripande omdanning – i sosialistisk lei – av det norske samfunnet. Han understreka skilnaden mellom SV i 1971 og SV i 1973. "Dette er noko anna enn SF, NKP og uavhengige sosialistar. AIK har gjeve det eit vidare perspektiv. Det har ein enorm psykologisk verknad".

Alle dei fire som stod først på SV si liste i Rogaland, hadde vore sentrale i kampen mot EF. Berge Furre på landsplan, Kurt Nordbø som leiar for Folkebevegelsen mot EEC i Rogaland, Audgunn Oltedal som sekretær ved Folkerørsla mot EEC sitt kontor for Hordaland og Sogn og Fjordane, og Kari Hauge Rasmussen som aktiv deltakar i kampen mot EF i Stavanger.

Representantane for AIK var lenge i tvende sinn. Skulle dei bli verande i AP eller gå ut? Då Kurt Nordbø, klubbformann på Rosenberg verft, vart spurd om kvifor han valde å støtta valforbundet, svarte han at det var EF-spørsmålet som fekk tolmodet hans med Ap til å sprekka.[72] Han sa at EF-saka ber i seg det som er eit kjernespørsmål for arbeidarrørsla, motsetnaden mellom kapitalkreftene og dei som skaper verdiane, og at her måtte



Imsland-teikning frå Stavanger Aftenblad 10.03.1973: «Og så må vi ha et godt og fengende slagord. Hva mener dere om: Alle liker lapskaus?» Frå venstre Eivind Rasmussen, Kurt Nordbø, Kari Hauge Rasmussen og Ingeborg Bækholt.

ein velja. Han sa at leiinga i Ap valde ein veg som ville gi kapitalkreftene fritt spelerom, og at det var dette som vog tyngst for han då han valde å ta standpunkt for SV. Kurt Nordbø meinte det var gode sjansar for å få inn ein representant for SV på Stortinget. I Rogalands Avis var vurderinga frå redaktør Per Brunvand tvert motsett: "Når det gjelder situasjonen i Rogaland foran høstens stortingsvalg, er det på det rene at den lista den nye mini-'folkefronten' av SF'ere, kommunister og AIK'ere nå arbeider med, ikke vil ha noen mulighet for å få et mandat i fylket".[73]
Ved valet i 1969 mangla Rogaland SF 3500 røyster på å få inn sin kandidat, like fullt rådde det stor tru på at det ville bli mandat for SV i Rogaland i 1973. Ein viktig grunn til optimismen var at Ap i Rogaland ikkje hadde nominert ein einaste EF-motstandar på sikker plass. Berge Furres analyse var at EF-tilhengjarane i Ap var på offensiven, opptatt av å presentera ein politikk som skulle gjera landet moge for EF. Han la stor vekt på at vi ikkje var ferdige med EF-saka, og at det difor var om å gjera at nei-sida fekk inn sine folk på Stortinget. Det var nødvendig for å forsvara resultatet av EF-røystinga.

Byggja ein organisasjon

For å vinna valet måtte ein ny organisasjon byggjast opp og stå klar til valkampinnspurten. For SV i Rogaland kom det godt med at løypa langt på veg var gått opp før. Erfaringane frå Stavanger i 1971 med å byggja opp ein ny organisasjon og utvikla ny politikk på tvers av gamle skiljeliner, vart lagde til grunn for valkampen i 1973.
SV i Stavanger med tre partar (SF/NKP/uavhengige) var ein medlemsorganisasjon, det vart og SV med fire partar (SF/AIK/NKP/uavhengige). Våren 1973 vart fylkesorganisasjonen til, med lokallag, fylkesmøtet som øvste organ og eit fylkesstyre med 14 medlemmer. Det omfatta ti lokallagsleiarar og eit arbeidsutval på fire: Gerd Reinsvollsveen (leiar), Ingeborg Bækholt (nestleiar), Odd Wetteland (kasserar) og Eivind Rasmussen (sekretær). Valkampkontoret låg i Verksgate 1 i Stavanger, nær kaien der båtane gjekk innover til Ryfylke og nordover til Haugalandet.
Ved nominasjonen 6. mai kom delegatar frå dei ti lokale SV-laga som var skipa; frå Stavanger, Sandnes, Sauda, Karmøy, Haugesund, Strand, Tysvær, Jæren, Gjesdal og Egersund. Andre stader i fylket, i Erfjord, Jelsa, Forsand, Finnøy, Hjelmeland, Fister og Moi, var det ikkje etablert lag, men SV hadde kontaktar som spreidde informasjon og hjelpte til med å arrangera møte eller stands.



«Rogaland har nominert!» Valavis nr. 2 – mai 1973. Frå venstre: Audgunn Oltedal, Berge Furre, Kari Hauge Rasmussen, Kurt Nordbø.

Manifest og program

Programmet som låg til grunn for dei fire som samarbeidde i SV, var prega av overordna mål og av konkrete punkt for politikken for komande fireårsperiode. På landsplan var dei fire partane blitt samde om eit manifest og eit program med 33 punkt.[74] Manifestet hadde tre hovudpunkt: *For nasjonal sjølvråderett, For et sosialistisk Norge* og *For internasjonal solidaritet.* I punktet *For nasjonal sjølvråderett* låg vekta på å forsvara sigeren frå folkerøystinga, få nasjonal kontroll med utanlandsk kapital, utvida fiskerigrensa til 50 mil og sikra råderett over kontinentalsokkelen, føra i land olje og gass til Noreg, og utnytta oljen ut frå økonomiske og samfunnsmessige vurderingar.

Størst plass i manifestet hadde det andre punktet, *For et sosialistisk Norge*, der sentrale punkt var sosialisering av bank- og kredittinstitusjonar og nøkkelindustri, ein skatte- og lønnspolitikk som skaper utjamning, likestilling mellom kvinner og menn i arbeidslivet og elles i samfunnet, styrking av næringsgrunnlaget, særleg i jordbruk og fiske, slik at "bosettingsmønsteret kan bevares", og ein ressurspolitikk som byggjer på ansvar for komande slekter. Heile dette punktet vart oppsummert i setninga "Vi mener gjennomføring av disse tiltak er viktige og nødvendige skritt på veien mot et sosialistisk Norge".

Det tredje punktet, *For internasjonal solidaritet*, framheva at SVs program ikkje støtta blokktenkinga: "Gjennom Norges utenriks-politikk og medlemskap i Nato deltar vårt land i dag i kampen mot de undertrykte folks interesser. Også derfor er uavhengighet av stormaktsblokkene vår målsetting".



Berge Furre og Kurt Norbø, første og andre kandidat på rogalandslista.
Bilde: privat

Det felles manifestet for SF, NKP, AIK og uavhengige sosialistar slutta slik: "For å nå arbeiderbevegelsens gamle mål om et sosialistisk samfunn med rettferd og menneskeverd er det nødvendig å komme fram til en samling av kreftene. Vi står i dag overfor en historisk mulighet til å ta et viktig steg videre mot dette målet. Sosialistisk Valgforbund er vårt alternativ, som bygger på det fellesskap mellom arbeidsfolk i bygd og by som vokste fram i kampen mot EF".

Dei 33 programpunkta var ei utdjuping av manifestet med mange ulike punkt, mellom anna krav om at det ikkje måtte koma storflyplass i Noreg, at garantert minsteløn måtte inn-førast, at utkant-Noreg måtte vernast, og at foreldre med småbarn måtte få redusert arbeidstid.

Valkampen i Rogaland

Mange av emna i SV sin valkamp i Rogaland var dei same som i valkampen over heile landet. Systemkritikk og forestillingar om kva sosialisme dreidde seg om, var meir enn ord i det sentralt vedtatte manifestet. For Berge Furre var det viktig å forklara kva ein meinte med omgrepet sosialisme: "Vi lever under eit system som ber undergangen i seg. Vi vil vise at 'sosialisme' ikkje er eit fjernt tusenårsrike, men noko for kvardagen her og no, for bygda, byen, arbeidsplassen, bustad-området. Vi vil vise at vi har betre svar på problema. Val-kampen skal brukast til å skape og utvikle politikk, ikkje av ein klikk på toppen, men eit fellesskap av alle medlemmer".[75]Når det var spørsmål om kva slags valkamp SV skulle føra, la han vekt på at valkampen skulle gå føre seg på grasrota, og vera kjenneteikna av at dei som la fram SV sitt syn, ikkje snakka til folk, men med folk.

Det vart formulert fire retningsliner[72] for den politikken Roga-land SV skulle kjempa for

1. Veksten i pressområda må bremsast
2. Flukta frå jordbruket må motverkast effektivt slik at ein kan ta vare på arbeidsplassane i jordbruket
3. Det må reisast varige heilårsarbeidsplassar utanfor jord bruket i bygdene
4. Eit harmonisk samspel mellom sentrum og omland må koma i staden for einsidig satsing på større senter

Verkemidla for å få til dette var mellom anna etableringsstyring i næringslivet, at samfunnet skulle overta forretningsbankane, at samfunnet skulle subsidiera faste driftskostnader ved produksjons- og handelsbedrifter i utkantstrok der det var nødvendig for å halda oppe busetnaden, at utlånsrammene i Landbruksbanken måtte utvidast, og at det måtte innførast særskilde avgifter på investeringar i pressområde.

Heilt sentralt i SV sin valkamp i Rogaland var kamp mot avfolking av utkantane, oljepolitikk og mobilisering av fagrørsla.

Avfolking

I den delen av valprogrammet for Rogaland SV som hadde overskrifta *Framtid for Ryfylke*, stod det at Ryfylke var på veg inn i ei krise. Arbeidskraft og kapital gjekk til Stavanger og Jærregionen og til Haugesund/Karmøyområdet, mens Ryfylke og dei indre bygdene vart tappa for ressursar og folk. "Folketalet går nedetter og utflyttinga aukar. Mange stader er sjølve busettinga i fare. Det vart 1300 færre arbeidsplassar 1960-1970 og folketalet minka med vel tusen." Det vart understreka at Landsdelsplanen for Agder og Rogaland ville forsterka denne utviklinga. "Skal jordbruket leggjast om til såkalla 'berekraftige bruk' med minst 100 dekar og 20 mjølkekyr eller annan tilsvarande produksjon, vil regionen mista minst 1000 av dei kring 2200 arbeidsplassane som er att i jordbruket".

Oljepolitikk

I 1973 var oljealderen så vidt i gang. SVs program på dette feltet formulerte hovudprinsipp. Å hindra ei rask utvinning av oljeressursane og dempa presset frå oljeindustrien på Stavangerregionen, var sentralt. Det programmet SV gjekk til val på, framheva langsam utbygging av oljeindustrien og la vekt på at leiting, utvinning og foredling skulle skje i statleg regi. Berge Furre var opptatt av at oljen er ein knapp ressurs. Han stilte spørsmål om olje kan brukast til mat, omdannast til protein, menneskeføde, og la vekt på at komande generasjonar også må finna olje i jordskorpa. To oljekonferansar, ein i Haugesund 19. august 1973 og ein på Stord seinare på vinteren, konkretiserte SVs oljeprogram. I referat frå oljekonferansen i Haugesund skreiv Norsk Telegrambyrå (NTB)[77] at SV stilte krav om at oljen og gassen "føres i land i Norge" og at "kildene må eies og nyttes av selskaper som samfunnet eier og kontrollerer". Referatet fekk også fram at SV ville det skulle "bli mulig å utvikle en norsk oljeforskning og teknologi som kan sette oljeutvinningen i hele samfunnets tjeneste".

Støtte frå fagrørsla

SV sentralt gav beskjed om å satsa på å mobilisera fagorganiserte. Vurderinga var at innsats her ville avgjera valutfallet. Støtte frå fagorganiserte var sentralt då SV i Stavanger i 1971 vart skipa, og samarbeidspartnarane i Rogaland i 1973 la heilt frå starten av stor vekt på å få med tillitsvalde frå fagrørsla.



Berge Furre og Kari Hauge Rasmussen i valkamp 1973. *Bilde: privat*

På lista over 56 støttespelarar som vart lagd fram på pressekonferansen om valsamarbeid 12. mars, var meir enn halvparten faglege tillitsmenn (nokre få kvinner)[78], og mot slutten av valkampen vart det offentleggjort eit opprop med overskrifta "100 faglige tillitsmenn i Rogaland støtter Sosialistisk Valgforbund".[79] Mange tillitsvalde som ikkje tidlegare hadde støtta SV, var med på desse to listene. Firepartssamarbeidet i Rogaland SV i 1973 nådde fleire og andre delar av fagrørsla enn dei som støtta SV i Stavanger i 1971. Namna til mange klubbformenn ved industriverksemder rundt om i fylket var å finna på listene, mellom andre Ivar Rodne, klubbformann ved Stavanger Staal A.s., Jørpeland; Egil Erga, klubbformann ved Øglænd Fabrikker; Dagfinn Robberstad, klubbformann ved Aducerverket, Sandnes; Kjell Knudsen, klubbformann ved Polaris Fabrikker;

Olaf Solberg, klubbformann ved EFP[80] i Sauda; Mangor Salte, klubbformann ved Brødrene Søyland; Bjarne Egeland, klubbformann ved Aker-Norsco, Tananger; Karl Lie, klubbformann ved Sven Kvia; Ludolf Hult, klubbformann Karmøy Mek. Verksted; Ernst Ditlevsen, klubbformann ved oljetanken i Jåttåvågen.

SV i Oslo bad i valkampen fagforeiningar rundt om i landet om økonomisk støtte. Summane som kom, var ikkje store, men viste at det vart gjort vedtak i fagforeiningar i Rogaland om å støtta



Valkamp i Bekkefaret bydel. *Bilde: privat*

SV økonomisk. I Arbeiderbevegelsens arkiv i Oslo ligg mellom anna eit brev datert 6.august som SV-kontoret i Rogaland sende til Ivar Johansen ved valkampkontoret i Oslo, om at Stavanger Bryggeriforening hadde løyvt kr. 200 og Stavanger stein, jord og sement hadde løyvt kr. 400 til den sentrale valkampen.

Hyppes på Hamar

Jernbanepolitikk var ei sentral sak i SVs valkamp i heile landet. Motstanden mot Linjegods-avtalen var stor. Trass i kraftige protestar frå jernbanepersonalet hadde Stortinget i 1972 vedtatt avtalen mot fem røyster. SVs syn på avtalen var slik formulert i programmet: "Linjegods-avtalen må omgjøres – jernbanetrafikken opprettholdes. Avtalen representerer en hardhendt bedriftsøkonomisk rasjonalisering på bekostning av distriktsinteressene. Sosialistisk Valgforbund motsetter seg NSBs langtidsplan. Vi vil gi jernbane en ny sjanse, slå ring om de jernbanestrekninger som trues av rasjonaliseringsplaner og gjenreise NSBs eget godssystem. Nordlandsbanen må føres videre nordover" (punkt 24 i SVs 33 punkts program).
Omtrent i kvar einaste tale Berge Furre heldt rundt omkring i Rogaland under valkampen, var det *ein* vits som var fast innslag. Den var knytt til kritikken av NSB sine planar om Linjegods. Svært ofte ordla Berge seg akkurat slik "Nyst høyrde eg om ein jærbonde som skulle sende ein sekk poteter til Trøndelag med Linjegods, kvifor skulle han no det tru? Han hadde dårleg røynsle med Linjegods, og skreiv ein lapp på sekken: Hyppes på Hamar." Og Berges kommentar etterpå var fast og viss: Vi vil ha denne avtalen oppheva.

Berge Furre drog ofte liner attende til tida før Gerhardsen-perioden, då parolen "by og land, hand i hand" kjenneteikna politikken, og sa at med Gerhardsen-epoken og fråflyttinga frå bygdene tok dette bandet mellom Arbeidarpartiet og bygdepolitikken slutt.

Innspurten i valkampen

Våren 1973 var prega av mange oppslag i media sentralt og lokalt med stor interesse for kva som skjedde i arbeidet med å få til eit valforbund. Slik sett starta valkampen før det var avgjort korleis SV- lista i Rogaland skulle vera. 16. mai, ti dagar etter nominasjonsmøtet 6. mai, var valkampen for alvor i gang. Då var Finn Gustavsen (leiar i SF) og Kari Hauge Rasmussen på møte på Bryne gymnas og diskuterte oljepolitikk og spørsmål om kvar i fylket det skulle byggjast arbeidsplassar. Stavanger Aftenblad ville vita kva regjering SV ville støtta etter valet, og Gustavsen svarte at SV ønskte ei Ap-regjering, men ikkje kunne gå inn som støtteparti for ei regjering som ville ha Nato- og EF –medlemskap.[81]



Valvake 1973. *Bilde: privat*

Innspurten i valkampen vart markert med pressekonferanse 23. august der sentrale representantar for dei fire partane i SV deltok: Berge Furre (SF), Berit Ås (AIK), Reidar Larsen (NKP) og Ove Larsen (uavhengige sosialistar). Aftenbladet la i referatet frå møtet vekt på SVs syn på skattepolitikk, på spørsmålet om nasjonalisering av bankane og på forsvaret av realløna. Det vart også referert at SVs representantar hadde vore på bedriftsbesøk, mellom anna på Rosenberg verft, at det var blitt arrangert eit kvinnemøte med Berit Ås, og at SV om kvelden same dag hadde "stort åpent møte i Atlantic Hall" og "korte appeller på Torget".[82]

Same dag som valet starta, gjekk siste valkamparrangement av stabelen. Søndag 9. september kl. 20.30 hadde SV fakkeltog frå parken i Stavanger, og stilte på torgmøte kl.21.00 med innlegg ved dei fire første på lista. Det var kald nordavind den kvelden, og Stavanger Aftenblad skreiv dagen etter at av dei sju partia som hadde fått taletid, var det berre Sosialistisk Valgforbund og Arbeidarpartiet som "maktet å samle såpass folk at det ikke var flaut å være taler". Om valforbundet skreiv avisa dessutan dette: "Om det skulle gis poeng for oppslutning, var det likevel Sosialistisk Valgforbund som ville fått flest. Fakkeltoget viste at det var kampglød igjen i rekkene, og «Internasjonalen» ble sunget så det faktisk kunne høres opp gjennom trappene i Torgterrassen". [83]

Ein talarstol

Ved stortingsvalet 1973 fekk Sosialistisk Valgforbund 16 representantar. Det er den største stortingsgruppa SV har hatt, også etter at SV gjekk frå å vera valforbund til parti. 10. september var det valvake i SVs lokale i Verksgate 1. Vi hugsar stemninga då valresultatet var klart. Den var høg. Vi var glade.

Men bodskapen som nådde oss dagen etter, la ein dempar på gleda. President Salvador Allende i Chile var død. Allende var president frå november 1970 til 11. september 1973. Då vart han styrta og døydde i eit blodig statskupp støtta av USA. Demokratiet vart knust av ein militærjunta leia av generalen Augusto Pinochet.

Vel to månader etter valet[84] var Berge Furre på møte i Stavanger Jern og Metallarbeiderforening, og oppsummerte valet slik: "For dei sosialistiske venstrekreftene i landet vart valet eit vendepunkt. Ein kvart million menneske viste oss tillit og gav oss 16 representantar på Stortinget". Han la vekt på at sigeren ikkje måtte overdrivast. SV utgjorde trass alt berre ein tidel av Stortinget. Men han la til: "valet gjev ein talarstol der sosialismen kan stillast på dagsorden". Han tok for seg omgrepet seinkapitalisme, forklarte kva det var – "ein kapitalisme prega av tre utviklingstrekk, monopolisering, internasjonalisering, korporativisering" – og så brukte han resten av talen i Stavanger Jern og Metall til å gå gjennom SVs økonomiske politikk. Han konkretiserte og fortalde kva forslag SV vil setja på dagsorden frå Stortingets talarstol.

Våren 1975 var det samlingskongress i Trondheim der dei fire partane i Sosialistisk Valgforbund vart samde om å skipe Sosialistisk Venstreparti. Grunnlaget som var lagt i valet i Stavanger i 1971 og i Rogaland 1973 var viktig for denne prosessen.

REFERANSAR:

Andersen, Arve (2005): *Det nye venstre i Stavanger 1958–71*. Hovedfagsoppgave i historie, Universitetet i Tromsø.
Hansen, Karstein M. mfl. (1972): *Mellom Luther og Marx. Ei utgreiing frå kristne i Sosialistisk Valgforbund i Stavanger.* Det norske Samlaget.
Norderval, Ingunn (1994): Kan en kristen være sosialist? Kristensosialisme i norsk politikk. I *Arbeiderhistorie* nr. 1 1994.
Roalkvam, Gunnar M. (1995/1973): Sosialistisk Valgforbund i Stavanger 1971-1973. Studentoppgåve i historie, Universitetet i Bergen 1973, utgitt i *Arbeiderhistorie for Rogaland 1995*. Årbok for Arbeidernes Historielag i Rogaland.

NOTER

[1]AIK står for Arbeiderbevegelsens informasjonskomité mot norsk medlemskap i EF. Dette var ein organisasjon for EF-motstandarar i Arbeidarpartiet. Etter at motstandarane mot EF vann folkerøystinga om medlemskap i 1972, vart AIK oppløyst, og dei EF-motstandarane som gjekk ut av Arbeidarpartiet, danna Demokratiske sosialister – AIK (oftast omtalt berre som AIK også etter brotet med Ap).
[2]Somme som skriv om Sosialistisk Venstreparti, har ikkje fått med seg dette. Sosialistisk Valgforbund er ikkje nemnt under SVs historie i Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) sin partidatabase. Om starten på SV står det der: "Sosialistisk Venstreparti (SV) vart formelt stifta i 1975, men det er ein meir eller mindre direkte arvtakar etter partiet Sosialistisk Folkeparti som vart skipa i 1961." I Aftenposten 3.05.2017 skriv Andreas Christiansen Halse at SV ikkje har hatt oppslutning å snakka om i industrien "siden SF, forløperen til SV". Sosialistisk Valgforbund fekk 16 representantar inn på Stortinget i 1973, og både det lokale valforbundet i Stavanger og det nasjonale høyrer med når ein omtalar historia til partiet SV.
[3] Vi takkar Egil Larsen og Arbeidernes Historielag i Rogaland, som gav oss oppdraget.
[4] Berge Furre sine talar er å finna i Arbeiderbevegelsens arkiv i Oslo. Dei er kjelde for alle sitat frå talane hans.
[5] Takk til Elisabeth Koren og Tor B. Jørgensen for informasjon og kommentarar til delar av artikkelen.
[6] EF (Dei europeiske fellesskapa) var forløparen til EU i perioden 1967 til 1993. Før 1967 var organisasjonen kjend som EEC, European Economic Community, på norsk Fellesmarknaden eller Det europeiske økonomiske fellesskapet. Sidan EEC var eit kjent namn, vart det brukt ein del fram mot folkerøystinga i 1972, og blir derfor brukt av og til i denne artikkelen.
[7] Roalkvam 1995, s. 50.
[8] Andersen 2005, s. 97-98.
[9] Informasjonen om organiseringa i startfasen er henta frå Roalkvam 1973/1995, som også inneheld informasjon om vidare organisatorisk utvikling av valforbundet i Stavanger.
[10] Ho kom frå Ogna, og var på denne tida student i Bergen.
[11] Populistiske Arbeidsgrupper (PAG) i Bergen (starta i 1971) var ei tverrpolitisk gruppe med partipolitisk uavhengige og folk knytt til SF, Venstre, Senterpartiet og KrF. PAG hadde antikapitalistisk plattform, var opptatt av distrikts- og miljøpolitikk og la vekt på utanomparlamentariske aksjonar.
[12]Ingen parti til venstre for Arbeidarpartiet var representerte på Stortinget i perioden 1969-1973.
[13] FNL var ei frigjeringsrørsle i Vietnam frå 1960 til Vietnam-krigen tok slutt i 1975. FNL-gruppene var dei lokale ledda i Solidaritetskomiteen for Vietnam, som støtta FNL.
[14] Etter stortingsvalet i 1969 var ikkje noko parti til venstre for Arbeidarpartiet representert på Stortinget.
[15] Programmet er vedlegg i Hansen mfl. 1972, sitatet er frå s. 124 i denne boka.
[16] Sitatet er frå slutten av programområdet "Kulturpolitikk" (Hansen mfl. s. 137).
[17] Kommunane hadde råderett over eit visst timetal i grunnskolen.

[18] SF hadde etter kommunevalet i 1967 fire representantar i bystyret, NKP ein.
[19] Dei tre var Ola Hunsager, Tore Laugerud og Arne Vigestad. Ola Hunsager måtte seinare trekka seg, fordi han ikkje var registrert som busett i Stavanger (Stavanger Aftenblad 26.08.71). Også Karstein M. Hansen (1945 - 2006) var på lista, men var ført opp som stud. theol. fordi studietida hans ved misjonsskolen var avslutta. Han skulle til Oslo for å gjennomføra siste del av studiet, som studentane ved misjonsskolen måtte den gongen. Han skulle likevel bu primært i Stavanger, og kunne derfor stå på vallista. Det var altså først fire misjonsstudentar på lista, men til slutt berre tre. I avisoppslag og lesarbrev er det oftast nemnt tre.
[20] Roalkvam 1973/1996, s. 51.
[21] Organisasjonen Kristne Arbeidere (før 2004 Norges kristne Arbeideres Forbund), som vart stifta alt i 1939, skal nemnast i denne samanhengen. Her var mange medlemer eller sympatisørar av Arbeidarpartiet, men det var mykje strid om føremålet med organisasjonen skulle vera kristning av arbeidarar eller betring av materielle kår for dei svakaste i samfunnet. Denne striden har fått stor plass I Norderval 1994.
[22] Lesarbrev frå John Nessa i Stavanger Aftenblad 24.06.71.
[23] Eriksmoen sitt innlegg stod i Stavanger Aftenblad 4.08.71, Halvor Hjertvik sitt i same avis 6.08.71.
[24] Intervju med Reidar T. Larsen i Stavanger Aftenblad 7.08.71.
[25] Lesarbrev frå Ingeborg Bækholt i Stavanger Aftenblad 10.08.71.
[26] Heile pressemeldinga stod i Stavanger Aftenblad 11.08.71, og er vedlegg i Hansen m. fl 1972, s. 153 - 154.
[27] Heile pressemeldinga stod i Stavanger Aftenblad 19.10.71, og er vedlegg i Hansen m. fl 1972, s. 154-155.
[28] Det dei var forplikta til etter norsk lov, var å møta i bystyret om det skulle bli aktuelt. Reaksjonen frå landsstyret kom etter valet, og veljarane hadde kumulert studentane så høgt opp på lista at dei kunne bli innkalla til bystyret som vararepresentantar.
[29] Lesarbrev frå Terje Eriksmoen til Stavanger Aftenblad 30.08.71.
[30] Lønning uttalte seg til Dagbladet, men er her sitert frå Stavanger Aftenblad 12.08.71.
[31] Synspunkta til Bloch-Hoell og sentralstyret i KrF sin studentorganisasjon kom fram i eit oppslag om motstand mot NMS-vedtaket i Stavanger Aftenblad 20.10.72.
[32] Sitatet frå Vår Kirke er henta frå Stavanger Aftenblad 29.10.71.
[33] Brevet frå studentane stod i Stavanger Aftenblad 18.03.72. Det er også vedlegg i Hansen mfl. 1972 (s. 156-158). Kursiveringane i sitata våre frå brevet er studentane sine.
[34] Annonse i Stavanger Aftenblad 30.08.71.
[35] Annonse i Stavanger Aftenblad 31.08.71.
[36] Annonse i Stavanger Aftenblad 31.08.71.
[37] Av referat i Stavanger Aftenblad 15.09.71 framgår det at ingen møtte for Ap, og at det kom få på møtet.
[38] Roalkvam 1973/1995, s. 51.
[39] Lesarbrev frå Ragnhild Midtbø i Stavanger Aftenblad 6.09.71.
[40] Lesarbrev frå Ingeborg Bækholt i Stavanger Aftenblad 14.09.71.
[41] SF hadde då 5,1 % (fire representantar i bystyret), NKP 1,4 % (ein representant i bystyret (Roalkvam 1973/1995, s 52).
[42] SF hadde då 3% og NKP 1 % (Roalkvam 1973/1995, s. 52).
[43] Stavanger Aftenblad 21.09.71.
[44] Roalkvam 1973/1995, s. 53.
[45] Stavanger Aftenblad 21.09.71.
[46] Forfattarane var Karstein M. Hansen, Anndi Jacobsen, Tor Jørgensen, Tore Laugerud, Ragnhild Midtbø, Gerd Reinsvollsveen, Helene Valvatne og Arne Vigestad.
[47] Apostelgjerningane kap. 5, vers 28.
[48] Norderval 1994, s. 44.
[49] Stavanger Aftenblad skreiv 31.07.78 at allmøtet på Stord-stemnet vedtok å sløyfa ei formulering i formålsparagrafen om at Forum for kristne sosialistar skal byggja på den apostoliske trusvedkjenninga.
[50] Norderval 1994, s. 45.
[51] Før 1992 var ordninga slik at budsjettet for kalenderåret etter eit kommuneval vart vedtatt av det gamle kommunestyret, og nytt kommunestyre konstituert i desember. Den nye kommunelova av 1992 endra dette slik at ordninga no er den same som for Stortinget (sjå Ot.prp. nr. 42 (1991-92) s. 272): Det nyvalde kommunestyret konstituerer seg i oktober og vedtar budsjett før første årsskiftet.
[52] På den tida var det ikkje direkte val til fylkesstyret, slik det er nå. Det var kommunestyra som valde fylkestingsrepresentantar.
[53] Referat i Aftenposten 23.12.71 viser at formannskapet seinare valde desse to som representant og vara i finansutvalet.
[54] Roalkvam (1973/1995, s. 56) fortel at til saman 27 av valforbundet sine medlemer sat som faste representantar i "kommunale styrer, utvalg og råd", at 12 av desse hadde "mye eller noe erfaring fra kommunalt arbeid", og at 15 var "helt nye".
[55] Roalkvam (1973/1995, s. 58-59).
[56] Roalkvam 1973/1995, s. 57.
[57] Stavanger Aftenblad 20.06.72.
[58] Stavanger Aftenblad 28.11.72.
[59] Stavanger Aftenblad 21.11.72.
[60] Roalkvam (1973/1995, s. 59-60) nemner denne aksjonen under overskrifta "aksjonsvirksomhet", der han mellom anna fortel at det var enighet i SV om at det var "de daglige, konkrete problemer "som skulle være "utgangspunktet for å mobilisere folk gjennom direkte aksjoner", og at ein hadde diskutert "i hvor stor grad kravene som blir framstilt skal politiseres og settes inn i et sosialistisk perspektiv". Så langt hadde valforbundet valt å "prioritere den linja som går ut på å prioritere sak framfor politiske framstøt".
[61]Stavanger Aftenblad 18.11.72. Underskrivarane var Ingrid Bø, Gerda Egeland, Gørild Gundersen, Inger Johanne Haaland, Liv Haaland, Georg Haug, Asbjørn Hove, Astrid Husebø, Grethe Værum Larsen, Axel Leversen, Martha Lea, Kari Lunde, Gunilla Lunde, Kurt Nordbø, Svein Ohm, Elise Rekdal, Egil Sande. Veslemøy Stoltenberg, Hild Sørby. Erik Tangen, Bjørn Thingbø, Wenche Thorsen, Ingrid Uldal og Henrik Wåge.
[62] Stavanger Aftenblad 21.11.72.
[63] Stavanger Aftenblad 13.03.73.
[64] Stavanger Aftenblad 7.02.73.
[65] Stavanger Aftenblad 3.03.73
[66] Stavanger Aftenblad 13.03.73.
[67] Stavanger Aftenblad 7.05.73.
[68] Avisa opplyste at Furre oppheldt seg på Bokn i Rogaland om lag fire månader i året.
[69] Oltedal var heimehøyrande i Rogaland, og var der mykje om somrane.
[70] Frå talar Berge Furre heldt i valkampen i Rogaland 1973 (Arbeiderbevegelsens arkiv, Oslo).
[71] Frå Berge Furres 17. mai-tale i Bremanger 1973.
[72] Avisutklipp, ikkje datert, truleg frå Rogalands avis.
[73] Frå leiar i Rogalands avis 13.03.73.
[74] Frå programmet SV på landsplan gjekk til val på.
[75] Frå Berge Furres tale på valkampmøte i Tysvær 2.09.73.
[76] Frå programmet Rogaland SV gjekk til val på.
[77] NTB-referat frå SVs oljekonferanse i Haugesund (Stavanger Aftenblad 20.08.73).
[78] I Stavanger Aftenblad sitt referat frå nominasjonsmøtet er alle dei 56 namna på denne lista med.
[79] Frå SVs valmateriell i 1973.
[80] EFP står for Electric Furnace Products Company, som var namnet på Sauda Smelteverk fram til 1976.
[81] Referat frå møtet på Bryne i Stavanger Aftenblad 18.05.73.
[82] Stavanger Aftenblad 24.08.1973.
[83] Stavanger Aftenblad 10.9.73.
[84] Frå tale i Stavanger Jern og Metall.